



Øygarden Seafood As
Valaberget 32
5355 KNARREVIK

Dykkar ref.

Vår ref.

18/1961-11/GBNR - 6/73 m.fl., FA - L42, KOM -
1259/ØLU

Dato:

12.12.2018

Detaljreguleringsplan for Parisvatnet akvakultur - referat frå oppstartsmøte

REFERAT FRA OPPSTARTSMØTE

Plan: Akvakulturanlegg Parisvatnet, Nautnes

PlanID: 2018 0004

Møtedato: 11.12.18

Deltakarar frå forslagsstillar: Geir Nordahl-Pedersen og Trond Haugland, Øygarden Seafood as

Deltakarar frå plankonsulent: Even Akerø, Akons as

Deltakarar frå kommunen: Ottar Vik, leiar av Utval for drift og samfunnsutvikling (UDS) samt Sven Selås Kallevik og Øyvind Lunde frå Teknisk plan og forvaltning

Jfr. vedtak i UDS 29.11.18 om reguleringskrav.

Informasjon frå forslagsstillar om planarbeidet

Reguleringsførespurnad datert 30.11.18

Forslagsstillar har knytt til seg Akons as som plankonsulent.

Namn på reguleringsplanen: Detaljreguleringsplan for Parisvatnet akvakultur, gnr/bnr 6/73 m.fl. – Nautnes.

Kort presentasjon av tiltaket/planområdet:

Søker er Øygarden Seafood AS. Øygarden Seafood AS er et nyetablert selskap som ønsker å drive «landbasert» oppdrett av laks i Parisvatnet. Oppdrettsverksemda skal drivast etter et nytt konsept som et gjennomstrømningsanlegg kor ein hentar inn sjøvatn frå dypt vann. Med denne driftsforma skal en unngå lus, redusere risikoen for andre fiskesjukdomar samt sikre jamn vekst ved stabil temperatur på vatnet.

Dette vil og sikre god vasskvalitet og fiskehelse. Det er allereie gjort ulike undersøkingar av straumforhold, vasskvalitet, resipient og dybdeforhold som viser at dette er en godt eigna lokalitet for planlagt verksemd.

Oppdretts verksemd I Parisvatnet strekker seg heilt tilbake til midten av 60 talet. Øygarden Seafood AS har avtale med aktuelle grunneigarar om ny bruk.

Planområdet ligg nord for Nautnes. Tilgrensande område i sør og vest er i hovudsak spreidd bustadbygging.

Elles grensar område til LNFR område og sjø i vest. Nord for planområde er det regulert eit hyttefelt som er delvis utbygd.

Tilkomst er på kommunal veg, Stormyrvegen.

Konsekvensar av tiltaket slik forslagsstillar ser det:

Positive verknader av planen er:

- Arbeidsplassar
- Miljøvenleg akvakultur
- Styrking av akvakultursatsinga i Noreg.
- Riving av eldre bygg og anlegg
- Opprusting av tilkomstveg
- God måloppnåing etter kommuneplanen sin samfunnsdel.

Liten konflikt med andre interesser.

Utfordring er:

- å avklare grunntilhøve i høve til tunell
- Masseoverskot
- Logistikk/ hamn
- Avgrensing av byggjeområde i høve til omgjevnadane

Friluftsliv/ Born og unge

Aktuelle tiltak inneberer ingen endring for friluftsliv samanlikna med dagens situasjon. Opprydding og sikring av området kan likevelvære positivt i forhold til born og unge. Vert det lagt til rette for friluftslivsinteresser i form av småbåthamn eller slipp er det positivt for friluftsliv til sjøs.

Folkehelse

Planen er ikkje til hinder for bruk av område rundt Parisvatnet til friluftsliv og turgåing.
Landbruk

Tiltaket er ikkje i konflikt med dyrket eller dyrkbar jord.

Kulturminne

Ikkje kjende kulturminne.

Landskap

Utbygging der det allereie er gjort inngrep.

Naturmangfold

Innanfor område mellom Parisvatnet og vår avgrensing av tiltak i sjø er det på miljødata.no berre tareskog og større kamskjel som er registrert naturverdi. Registrering av tareskog var gjort 01.01.2003 og verdi var satt til viktig. Det aktuelle område er på 107/193 daa.

Registrering av Større kamskjellførekomst var gjort i 2010 og verdi var satt til svært viktig. Førekomsten av Større kamskjell dekker store deler av Øygarden med et samla areal på 10-100 km².

Når det gjelder det totale omfang av virkninger av hele oppdrettsvirksomheten og andre registreringer knyttet til Parisvatnet vil det bli belyst i konsesjonssøknaden.

Hovudinnhald i planen:

Akvakultur.

- Bygg for drift av anlegg, ca. 3000 m²
- Reinseanlegg
- For og oksygentankar, nauds trøm og tekniske anlegg
- Tilkømt for båt.
- Tilkømtveg.
- Mogleg slipp for grunneigarar.
- Trase for sjøvassinntak under grunnen.
- Grøntareal/ buffer mot tilgrensande område
- Sjøområde/hamn.

Overordna planar og føringar for planarbeidet

Kommuneplanen: Kommuneplanens arealdel 2014-2022.

Kommunedelplaner: Ingen aktuelle

Gjeldande reguleringsplanar: Ingen i aktuelt område

Tilgrensande reguleringsplanar:
Stordiket hytteområde, planID 2013 0003

Pågående planarbeid: Ingen

Jfr. diverse overordna statlege og regionale rammer for planarbeid.

Jfr. samla oversikt over kommunale planar og styringsdokument:
<https://www.oygarden.kommune.no/nyttige-lenker/kommunale-planar-styringsdokument/>

For tilgang til kart og planregister:

<https://www.oygarden.kommune.no/tekniske-tenester/plan-forvaltning/kart/>

Avgrensing av planen

Vert fastsett etter nærere vurdering. Skisse til plangrense vist på oppstartsmøtet må vurderast på nytt i høve friluftsområde rundt Paris vatnet. Samt i høve samferdsleanlegg som vegar og kai.

Vurdering av krav til konsekvensutgreiing

Vert vurdert seinare.

For drøfting i Regionalt planforum.

KU krav skal vurderast som vedlegg II tiltak i forskrift om konsekvensutgreiing.

Gebyr

Det er fastsett kommunalt gebyrregulativ med krav til gebyrbetaling for behandling av reguleringsplanar.

Gjeldande regulativ for 2018:

<https://www.oygarden.kommune.no/nyttige-lenker/kommunale-gebyr/>

Framdrift

Det vert teke sikte på følgjande framdrift:

Forslagsstillar inviterer til folkemøte om planen 17.01.19 kl. 18.00. Øygarden kommune vil også få invitasjon.

Det er avtalt tid i Regionalt planforum 26.03.19 kl. 13-15 i Fylkeshuset.

<https://www.hordaland.no/nn-NO/plan-og-planarbeid/regionalt-planforum/>

Sak til møte i UDS 11.04.19 om oppstart av planarbeidet.

Folkemøte straks etter 11.04.19.

Høyring av planforslag til 01.07.19.

Andre gangsbehandling av planen i UDS 05.09.19.

Vedtak i kommunestyret 14.12.19.

Planleveranse

Plankart på pdf og feilfri sosifil.

Planføresegner

Planskildring med ROS analyse.

-det skal framgå korleis evt. merknadar og uttalar er vurdert

-det må ligge føre illustrasjonsplan og illustrasjon av fjernverknad og terrengitilpassing

Alle dokument skal leverast som tekstdokument i word og PDF. Samt i papirformat.

Øygarden kommune sin planpakke skal brukast ved utarbeiding av planforslag. Jfr.

<https://www.oygarden.kommune.no/tenester/bustad-og-eigedom/kommunal-planlegging/reguleringsplan-planpakken.73305.aspx>

.

Med helsing

Øyvind Lunde
einingsleiar teknisk plan og forvaltning

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur